



Klima og miljøverndepartementet

Dato: 20.03.2014

Vår ref.: 2014/13095-3

Saksbehandlar: pereker

Dykkar ref.:

Gamle Bjølvo. Klage på heving av vedtak om mellombels freding, jf Lov om kulturminner 9. juni 1978 nr 50 (kml) § 22 nr. 4 jf kml §§15 og 19

Vi syner til Riksantikvaren sitt brev dagsett 11.02.14, motteke 28.02.14, om oppheving av vedtak om mellombels freding av Gamle Bjølvo kraftanlegg i Ålvik, Kvam Herad

Hordaland fylkeskommune påklager Riksantikvaren sitt vedtak av 11.02.14 om oppheving av vedtak om mellombels freding av gamle Bjølvo kraftanlegg (askeladden-ID 148240). *Spørsmålet om klage skal handsamast politisk av Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune. Klaga er av fristavbrytande karakter og det vert difor tatt etterhald om ytterlegare merknadar til saka.*

Hordaland fylkeskommune legg til grunn at Riksantikvaren sitt vedtak er i strid med vedteken kulturminnepolitikk, jf nasjonalt resultatmål om ei tematisk og geografisk representativ fredingsliste innan 2020.

Hordaland fylkeskommune viser til at framlegg til Landsverneplan Statkraft 2010, utarbeidd av Norges vassdrags- og energidirektorat, ikkje har vore på høyring hjå regionale kulturminnestyremakter eller andre, og heller ikkje er vedteken. Fylkeskommunen har heller ikkje motteke høyringsforslag om forskriftsfredingar for denne sektoren.

Hordaland fylkeskommune meiner at fredingssaka for Bjølvo kraftanlegg vedkjem nasjonale kulturminneverdiar og ikkje bør handsamast før verneplan og forskriftsfredingar for sektoren er sendt ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37 og fastsett av Riksantikvaren. Hordaland fylkeskommune ber departementet om å oppheve Riksantikvaren sitt vedtak.

Bakgrunn

Gamle Bjølvo kraftanlegg i Ålvik vart mellombels freda av Hordaland fylkeskommune ved vedtak den 24. juni 2009 med heimel i Lov om kulturminner 9. juni 1978 nr 50 (kml) § 22 nr. 4 jf kml §§ 15 og 19. Anlegget var truga av riving og vedtaket var grunngjeve i trugsmålet mot nasjonale kulturminneverdiar. Vedtaket var lovleg fatta og vart ikkje påkla.

Målsettinga med vedtaket var å gje regionale kulturminnestyresmalter heimel til å sikre nasjonale kulturminneverdiar og løye saka gjennom ein kombinasjon av bevaring og dokumentasjon. Hordaland fylkeskommune har sidan vedtaket i 2009 hatt dialog med eigar og Kvam herad om metode for og omfang av bevaring. På grunnlag av dialogen har Hordaland fylkeskommune venta med oppstart av ordinær fredingssak for Gamle Bjølvo.

Dialogen med eigar har ikkje ført fram til løysingar som ivaretok heile eller delar av kulturminnet. I møte har Statkraft region vest hatt som standpunkt at ein ikkje ville forholde seg til fredingsvedtaket og at ein først og fremst la til grunn vilkåra i vedtak frå eiga sektordepartement, jf brev frå Statkraft dagsett 30.6.2005 Detaljplan - mars 2005 for Nedbygging av Bjølvo kraftverk, vedtak frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) av 6. mars 2006 og vedtak av 17.01.07 frå Olje- og energidepartementet.

Hordaland fylkeskommune har hatt vesentlege merknader knytt til kulturhistoriske interesser i alle deler av saka. NVE handsama detaljplanen som ei søknad om godkjenning etter vilkåra i løyvet (konsesjonen) for Nye Bjølvo kraftverk, samt etter reglane i kap. 7 i vassressurslova, jf §§ 41 og 42, men utan at kulturminneinteressene var tekne omsyn eller dei statlege kulturminnestyresmaktene vart kobla inn.

I 2013 la Hordaland fylkeskommune plan for å sende ut oppstartsmelding for ei regulær freding av anlegget. I desember 2013 tok Riksantikvaren kontakt med fylkeskommunen og rådde til at det ikkje vart sendt ut varsel om oppstart av fredingssak, då Riksantikvaren skulle ha møte med Statkraft om saka.

Vurdering

Møtet fann etter det vi erfarer stad 11.02.2014 og Riksantikvaren si oppheving av fylkeskommunen sitt vedtak er eit resultat av møtet med Statkraft Energi AS. Hordaland fylkeskommune vart ikkje kalla inn til møtet, trass i at vedtaket om mellombels freding var gjort av fylkeskommunen 24.06.09 etter samråd med Riksantikvaren. Vedtaket var lovleg fatta og vart ikkje påklaga av Statkraft, eller uavhengig part, og heller ikkje på eit tidlegare tidspunkt omgjort av Riksantikvaren, jf. forvaltningslova § 35.

Hordaland fylkeskommune meiner at denne handsaminga gjev grunn til å stille spørsmål med om Riksantikvaren sitt vedtak frå 11.02.14 og førebuande prosess kan sjåast som god forvaltingsskikk. Særleg kan ein stille spørsmål om måten varslinga om oppheving vart gjort.

Riksantikvaren grunngjев vedtaket med at framlegget til statleg landsverneplan for Statkraft ikkje inkluderer Gamle Bjølvo kraftanlegg. Kraftanlegget er eigd av Statkraft Energi AS. Frå 2003 har prosjekt Statens kulturhistoriske eiendommer registrert og vurdert kulturminneverdiane på statlege bygg og anlegg. Riksantikvaren har i brev frå 01.11.12 gjort greie for arbeidet med landsverneplanar og roller og ansvar i kulturminneforvaltninga (sjå http://www.riksantikvaren.no/filestore/Landsverneplaner-rollerogansvarkulturminneforvaltningen_2012.pdf). Her kjem det tydelig fram at i prosessen med involvering og høyring skal Riksantikvaren sende forslag om forskriftsfreding ut på høyring til «berørte parter», inkludert fylkeskommunane.

I Riksantikvaren sitt brev frå 30.11.2012, «Prioriteringer for kulturminneforvaltningen 2013», vart Hordaland fylkeskommune beden om «ei grunngjeving for kvifor fylkeskommunen ønskjer å frede dette Bjølvo 1». Hordaland fylkeskommune har grunngjeve dette i brev frå den 22.03 2013 (sjå vedlegg).

Brevet viser mellom anna til at Hordaland, i eit nasjonalt perspektiv, er det fylket som har høgast produksjon av elektrisk kraft. Vasskrafta har dei siste hundre åra vore ein særskilt viktig del av den landbaserte eksportindustrien og må sjåast som ein framståande del av Hordaland og Vestlandet sin kulturarv frå nyare tid. Jf framlegg for planar av eit nasjonalt utval av kulturminner frå sektoren, vil dei to store, kraftproduserande vestlandsfylka, Hordaland og Sogn og Fjordane, vere vesentleg underrepresenterte. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at dette ikkje er i tråd med nasjonal kulturminnepolitikk, jf Stortingsmelding 16 (2004-2005) Leve med kulturminner. Riksantikvaren har ikkje svart på brevet.

Vi viser til møte i Kultur- og ressursutvalet 18.03.2014 i Hordaland fylkeskommune, jf møteboka: «*KURE la til grunn at Gamle Bjølvø er ein viktig del av Hordaland og Vestlandet si nyare historie og peikte på behovet for statleg verneplan for vasskraftsektoren der folkevalde styresmakter fekk ta stilling til det samla utvalet av kulturminne. KURE oppfordra administrasjonen om å sende klage på vedtaket slik at riving av anlegget ikkje var sett i gong før statleg verneplan var handsama og vedteken»*

I tråd med utvalet si oppmading vil fylkesrådmannen klage på Riksantikvaren sitt vedtak.

Rune Haugsdal
Fylkesrådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Sakshandamarar: Per Morten Ekerhovd, David Aasen Sandved, Erlend Hofstad

Kopi til:
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA
Klima og miljøverndepartementet Postboks 8013 Dep